

Møtereferat

Møte: Tlf møte AU Nord
Tid/Sted: Torsdag 22.06.17 kl 10 – kl 12
Tilstede: Svein Slåtsveen, Endre Østbø, Ragnhild Engan, Bjørn-Arne Skoglund, Birgitte Rørvik Bruun, Håvard Knygh (vara for Bente Børsheim), Fred Tore Fagereng, Merethe Sund og Arne Flatmo (vara for Svein Inge Jakobsen)
Forfall: Bente Børsheim og Svein Inge Jakobsen
Kopi til: Vara AU, leiargruppa region Nord og Tor Olav Brandtzæg
Referent: Brit Kari Eidseflot Hauger

Molde, 22.06.2017

Sak nr.	Emne	Ansvar
1	Orientering frå styremøte 20. – 21.06 <p>Merethe orienterte om driftsresultatet, inntekt på 7,4 mrd, er auke på 2-3 % når ein ser vekk frå endra rekneskapsperiode. Driftsresultat auke på 4 mill, greit resultat. Årsak godt sal av pølser og bacon, med liten auke i merkevaren på 0,3 %, positivt. Pålegg, ferdigmat og biffar noko lågare sal enn i fjor. Lam: Ekstraordinære tiltak, auke på 30 % i sal. Gode resultat i datterselskap, særleg Norilia. Litt høge driftskostnader pga større varesortiment for fleksibilitet, som fører til høgare personalkostnader i produksjon. Energi, reisekostnader og IKT også auka kostnader.</p> <p>Totalmarknad: Storfe: Negativt engrossal på 4 %, underdekning, einigheit om å ha oppmerksomheit på dekninga av storfe, for å unngå forlenga tollnedsetjing. Gris: Innfrysing av heil gris, ca 1 300 tonn på reg lager. Ribbetiltak vert sett i gang så snart marknadsordning er avklart. Sau: Positiv retning, 1 500 tonn selt frå reg lager, lager av lam godt under fjoråret. 600 tonn sau vert eksportert. Prisen på sau tatt ned 23 kr, ambisjon om 7-8 kr under fjoråret, prisløype ellers som i fjor. Situasjonen betra, men ikkje løyst. Egg: 400 tonn på lager, mogleg utfordring mot jul, sett i gang førtidsslakting pga dårlegare eggssal om sommaren. 64 meldt ynskje om omstilling. Hå kylling: Nortura og Espeland eig 50 % kvar, Hå kjøper ferdigslakta kylling. Fyrste halvår prega av oppstart. Kylling Trøndelag: Ikkje avgjort noko enno. Avtale med Norsk Kylling går ut ved slutten av året.</p> <p>Leveringssituasjon Coop: Nortura har forbedringspotensiale med framskutt lager, m.a. til lager Tromsø. Mange årsaker.</p> <p>Kvitt kjøpt avtale: Norgesgruppen største kunde, avvik fyrste vekene, betring.</p> <p>Strategiarbeid: Eit punkt knytt til eigarane, sendast på høyring i kretsutvala i oktober, oppsummerast på RU-møta.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar:</u></p> <ul style="list-style-type: none">• Kva gjer vi i forhold til Coop for å betre situasjonen?• Svar: Større fokus på logistikk, samt tilgang til Coop sine data for betre oversikt over leveringsevne og leveringssituasjon, auka kompetanse, eiga oppfølging i fht Tromsø, m.m.• Kor stort omland dekker Tromsø-lageret til Coop?• Når skal strategi-arbeidet på høyring i kretsutvala?	

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

- 2 **Innspel til høyringsnotat frå Norsk Landbrukssamvirke om samarbeidsråda**
Høyringsnotat var utsendt. Svein innleidde. Treng vi samarbeidsråda, kva nytte har vi av dei? Nordnorsk Landbruksråd brukar midlane til å setje i gang prosjekt for å fremme regionen.

Innspel:

- Vanskeleg å vite kva som kjem ut av Landbruksrådet. Kva er nytteverdi i forhold til midlane vi set inn? Kjem med innspel til forskninga om aktuelle prosjekt, er opptil forskningsmiljøa å ta tak. Er det grunn nok til å behalde råda?
- Er tilhengar av at det skal bestå, men må utviklast. Få ut forskingskunnskap til eigarane. Org leiar bør delta i møta til Landbruksrådet, saman med RU-leiar og nestleiar, for god kommunikasjon. RU-leiar bør delta framfor konsernstyremedlem, for regional kontakt. Er einaste forum for politisk kontakt, forskning, forvaltning, m.m.
- Svein lagar ei tilbakemelding som AU kan gje innspel til.
- Svein gjev tilbakemelding til Per-Anton Nesjan om at innspelet hans er vurdert.

Svein
Svein

Vedtak: Svein lagar ei tilbakemelding som AU kan gje innspel til, for oversending til organisasjonssjef.

-
- 3 **Ny søknad om finansiering av hovedprosjekt "Landbruket – Nordlands grønne hjerte 2017 – 2019"**

Søknad var utsendt. Svein orienterte om at forstudie i Nordland bondelag er utført, no søknad om støtte til hovudprosjekt.

Arne orienterte om at vi i utg punktet ynskjer å vere positive. Det meste i nytt prosjekt er inkludert i "Kjøtt i Nordland-prosjektet". Bakgrunnen for svaret vårt er at vi allereie finansierer opp tilsvarande tiltak i "Kjøtt i Nordland". Nytt i dette prosjektet er aktivitet mot ungdomsskular. Svaret er samordna med TINE og FK. Ynskjer kr 80 000 frå kvar org + eigeninnsats på kr 64 000. Vi kan stille eigeninnsats med personell i den grad vi har mogelegheit, men ikkje med midlar som omsøkt. Har diskutert saka på nytt med Svein Inge, FK og TINE no etter ny søknad, og haldninga er ikkje endra. Nordland Bondelag trekk seg frå sitt engasjement i "Kjøtt i Nordland", og satsar no på dette. Kan vere mogeleg for Nordland Bondelag å gjennomføre prosjektet med redusert prosjektleiarstilling.

Spørsmål/kommentarar:

- Grei orientering frå Arne. Må få fram at dersom vi støttar slike prosjekt, går det av overskotet. Må vurdere ting opp mot kvarandre, som ressursar til rådgjeving og utbetalingspris.
- Nordnorsk landbruksråd har også hatt rekruttering på dagsorden. Nordland Bondelag er også med i landbruksrådet. Prosjektet bør vere i samarbeid med landbruksrådet. Støttar avslaget.
- Vi tillitsvalde kan ha ei meining, men kan ikkje pålegge adm å bruke pengar. Er positive til den type aktivitet.
- Verkar som forsøk på å oppretthalde prosjektstillinga. Einig i svaret som er gitt.
- Må ikkje oppfattast som vi er veldig tverr.
- Konklusjon: Støttar avslaget som er gitt. Svein gjev tilbakemelding.

Vedtak: AU støttar avslaget som er gitt. Svein gjev tilbakemelding.

Svein

-
- 4 **Orientering frå arbeidet i Råvare & Medlem region Nord**

Status tilførsler var utsendt. Arne orienterte. Storfe: Svikt i tilførslane på ca 600 stk hittil i år, gris nedgang 2 200 stk og sau/lam auke på 1 900 stk. Dramatisk for regionen, særleg for Målselvanlegget. Må bremse og helst snu utviklinga. Hatt møte med Fylkesmannen i Troms og Innovasjon for prosjekt på auka storfekjøttproduksjon. Dagens prosjekt på auka grovforbasert produksjon går ut i år. Gode tilbakemeldingar, jobbar med søknad om forprosjektmidlar for nytt prosjekt frå årsskifte. Avtalt møte også med Fylkesmannen og Fylkeskommuna i Finnmark i august, for tilsvarande prosjekt. Formål: Auka rådgjevingsressursar for produsentar som vil auke storfekjøttproduksjonen. Legg

ikkje for mange føringar på innhald no før møte med alle organisasjonane.

Gris: Tomt grisehus i Lavangen for sal, mogeleg Nortura bidreg i salsprosess.

Tapar marknadsandel til konkurrentar på storfe i heile landet. Slaktar færre gris på landet, men Nortura ikkje tapt marknadsandelar. Nortura aukar på sau/lam.

Hittil i år i region Nord 383 gardsbesøk og 35 fagmøte på 5 årsverk. Storfesrådgjevar i Nordland på 60 % går opp i 100 % frå 1. september.

Spørsmål/kommentarar:

- Vert nye prosjekt i Troms og Finnmark i samarbeid med alle organisasjonane?
- Svar: Ja, men kun på storfekjøttproduksjon.
- Har det tome griseføset stor betydning for produksjon i regionen?
- Svar: Kan produsere opp mot konsesjon, har aldri vore i full produksjon.
- Er vi for lite offensiv? Ein produsent satsar stort på storfe i Lofoten, og Horn er engasjert på livdyrfinansiering.
- Kvifor er ikkje Nordnorsk landbruksråd involvert i prosessen med storfeprosjekt? Oppfordre til kontakt.
- Svar: Hatt fokus på FM og Fylkeskommuna så langt, fått beskjed frå dei at det er enklare med finansiering fylkesvis.
- Smågris: Avsetning eller smågrisslakting no?
- Svar: Lite slakting hittil i år, men akkurat no overskot, særleg på Helgeland og Trøndelag.
- Når startar slaktinga ved Bjerka og Målselv? Er det feriestenging?
Svar: Truleg veke 34, skal sende ut info. Feriestenging Målselv veke 30, Karasjok vekene 28, 29 og 30.

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

5 **Eventuelt**

- Merethe orientere om press frå Dyrevernalisisansen mot Rema om kun svinekjøtt med improvac kastrering. Dialog om faktagrunnlag med forsøksresultat om at det ikkje er så bra smak på kjøttet. Tida er enno ikkje moden, har ikkje gode nok preparat for kastreringa.
 - Spørsmål om kor stor andel improvac det er i Nordfjord Kjøtt sin eigen varetraum/sine leveradørar?
 - Svar: Nordfjord Kjøtt kjøper stor andel av si råvare frå Nortura, m.a. frå Bjerka.
- Korleis er vegetarproduktet meatish mottatt hos forbrukar?
- Korleis går salet av høner?

Svein fått innspel frå Jan Håland om premiering/prising av livdyr med høg avlsverdi for kjøtt.

- Svar: Premiering allereie for god tilvekst som er konkret resultat, betre det enn avlspoeng. Fred Tore tek det med seg i fagutval storfe.